

Årsmelding 1994



Høgskulen i Volda

Innhold

Rektor	s. 3
Omorganiseringa	s. 4
Organisering og styring	s. 5
Biblioteket	s. 6
Informasjonsteknologi	s. 7
Avdeling for humanistiske fag	s. 8
Avdeling for lærarutdanning	s. 9
Avdeling for mediefag	s. 10
Avdeling for samfunnsfag	s. 11
Undervisning og opptak	s. 12
Forsknings- og utviklingsarbeid	s. 13
Høgskuledirektøren	s. 14
Rekneskapen 1994	s. 15



Rektor

Gjennom denne årsmeldinga ønskjer vi å gi ein kortfatta og oversiktleg presentasjon av verksemda i den nye høgskulen i Volda. At 1994 har vore eit overgangs- og omstillingsår for høgskuleutdanninga i Volda, vil prege denne meldinga.

I samband med den omfattande omorganiseringa innan høgare utdanning i Noreg, blei det i kgl. resolusjon av 7. 5. 93 slått fast at det skulle opprettast 26 nye høgskular, og at ein av desse skulle ligge i Volda. Noko seinare fastsette departementet at 1. august 1994 skulle vere startdato for den nye statlege høgskulen i Volda, HVO. Vårsemesteret i 1994 fekk difor preg av ei oppbrotstid for dei to høgskulane: Volda lærarhøgskule og Møre og Romsdal distriktshøgskule Volda. Likevel var ei rekkje brikkar - som gav føringar for den nye høgskulen - komne på plass ved inngangen til 1994:

- felles studiekatalog og søknadsskjema til opptaket 1994
- felles opptakssenter for opptak våren 1994
- felles bibliotekarleiar
- stillingsstruktur og bemanningsplan til den nye høgskulen var klar til drøfting/forhandling med organisasjonane

Høgskulen i Volda fekk ein ny og forenkla styringsmodell frå 1. august. Møre og Romsdal høgskulestyre blei erstatta av eit eige styre for skulen, sett saman av interne og eksterne styremedlemmer. Det blei helsa velkome, og styret har allereie markert eit både samordnande og overordnande perspektiv i arbeidet sitt, sjølv om det hadde berre 5 månader til rådvelde i 1994.


Ei viktig målsetjing i omorganiseringa var å ta vare på dei sterke sidene frå dei to tidlegare

høgskulane, det galdt både undervisning og forskning. Dugleik avlar dugleik, seiest det.

Fagprofilen og fagorganiseringa blei i hovudsak uendra i haustsemesteret 1994. Det er på det administrative feltet det store spranget kjem til syne. Haustsemesteret starta med ein større, sterkare og meir tidsmessig administrativ organisasjon. Verknaden vil nok først kome tydeleg til syne seinare.

Romsituasjonen for høgskulen har utvikla seg til å bli meir og meir prekær etter som talet på studentar og tilsette har auka. Det har vore arbeidd hardt for å skaffe fram nye lokale, og hausten 1994 fekk vi gjennomslag for eit nybygg på 8200 kvm. Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Stortinget vitja høgskulen i haustsemesteret. Det var eit nyttig møte der vi fekk synleggjort kor trøngt vi har det, og vi fekk orientere nærare om planane for eit Ivar Aasen-institutt sett i samanheng med eit Ivar Aasen-tun i Ørsta. Dette kan bli eit nasjonalt pionerarbeid, og høgskulen i Volda eit naturleg knutepunkt for nynorsk skriftkultur med nasjonale og internasjonale samarbeidslinjer.

Høgskulen har saman med Møreforskning Volda samarbeidd med Universitetet i Trondheim om doktorgradsutdanning, og høgskulen fekk den første doktoranden frå dette programmet i haustsemesteret, og fleire nærmar seg no avslutninga på doktorgradsstudiet. Kunnskapsproduksjon og formidling av kunnskap blir ei stadig meir drivande kraft i samfunnsutviklinga, og skal vi som høgskule vere i takt med denne utviklinga, blir det stilt større krav til kompetanseoppbygging for å vidareutvikle og skape ny kunnskap og ny innsikt.



Internasjonalt samarbeid har ikkje kome så langt enno, men høgskulen har engasjert seg i eit spennande samarbeid med utdanningsinstitusjonar i Aust-Europa. Det er eit samarbeid som på sikt bør utviklast og formaliserast.

Frå styresmaktene si side er det forventat at omorganiseringa i høgare utdanning skal gi rasjonaliseringsgevinstar i form av rimelegare drift og høgare fagleg kvalitet. Det vil vi nok sjå over tid, men ei omstilling gir sjeldan synlege positive resultat på dagen. Dei to tidlegare høgskulane i Volda har vore vane med å få relativt små løyvingar frå departementet i forhold til jamlike høgskular. Likevel kan vi vise til gode resultat. Eg reknar med at departementet vil gå inn på ein ny budsjetteringsmodell i samband med omorganiseringa, og at den nye høgskulen i Volda da får eit løns- og driftsbudsjett som står i forhold til kva andre får.

Det er all grunn til å takke dei tilsette for heilhjarta innsats i dette spesielle året 1994.

Sverre Måseidvåg
Rektor

Omorganiseringa

Den formelle starten for Høgskulen i Volda (HVO) var 1.8.94, og var eit resultat av samanslåinga av Volda Lærarhøgskule og Møre og Romsdal distriktshøgskule, Volda. Frå den dagen opphøyrdede dei to tidlegare høgskulane og vi fekk ein ny i staden.

Samarbeidet mellom høgskulane i Volda starta tidleg, lenge før Hernes sine idear om Norgesnett og restrukturering av høgare utdanning vart presenterte. Det praktiske samarbeidet mellom dei to høgskulane i Volda starta på slutten av 70-talet når det gjaldt norsk og seinare kristendomsfaga.

Volda-miljøet var difor budd på det som skulle skje når samanslåinga var endeleg, og prosessen i Volda kom difor rimeleg fort i gang.

Før ein kom så langt hadde det gått føre seg ein lang debatt om talet på høgskular i Møre og Romsdal. Før samanslåinga var her 7 regionale høgskular i fylket, to i Volda, to i Molde og tre i Ålesund. Diskusjonen gjekk på om det skulle bli ein, to eller tre i fylket. Det regionale høgskulestyret, som skulle gje uttale og kome med forslag til departementet (KUF), gjekk til slutt, i møte 6.3.92, inn for tre høgskular i Møre og Romsdal, dvs ein i Volda, ein i Molde og ein i Ålesund.

At Volda skulle bli eigen høgskule, vart mellombels stadfesta av KUF i brev av 14.7.92 og endeleg fastsett ved kgl. res. 7.5.93. Dermed var Høgskulen i Volda ein realitet.

Omorganiserings-prosessen i Volda vart formelt organisert som eit prosjekt under leiing av ei referansegruppe og med tilsett prosjektleiar. Prosjektet starta formelt opp 1.9.92, men før det hadde mange interne funksjonsgrupper vore i arbeid eit års tid, og laga sine rapportar

Avdelingsstruktur

Ei av dei sakene som det vart arbeidd mest med i første fase var avdelingsstrukturen, der diskusjonen, i hovudsak, gjaldt kor mykje dei tidlegare høgskulane skulle delast opp og koplatt på tvers. Etter inngåande vurderingar valde vi ein struktur med fire avdelingar - Avdeling for lærarutdanning (ALU), Avdeling for samfunnsfag (ASF), Avdeling for humanistiske fag (AHF) og Avdeling for mediefag (AMF). Modellen medførte ei moderat omlegging der nokre fag vart flytta frå den tidlegare lærarhøgskulen til ASF (kristendom) og til AHF (norsk og engelsk).

Avdelingane er nokså ulike både i storleik og oppbyggingsmåte. Studenttala er om lag slik: ALU -

910, ASF- 510, AHF - 420, AMF 200 og kurs, etter og vidareutdanning - 200. Intern organisering varierer, ALU brukar seksjonsstruktur som uformelt nivå, ASF og AHF brukar ein tilnærma instituttstruktur som uformelt tredje nivå og AMF har berre avdelingsnivået. Vi synest ikkje det er noka ulempe at dei uformelle strukturane varierer, heller tvert i mot.

Avrunding

Mange var usikre og skeptiske til samanslåinga, og det var nok sunt. Sjølv om der framleis skulle vere skeptikarar, så ser det ut til at samanslåinga er akseptert og oppfatta som betre enn venta. Der er sjølv sagt både føremunar som større faglege miljø og breidde, eigen styringsstruktur, tverrfagleg og tverravelingstenking og meir funksjonell organisering, men og ulemper som meir byråkratisering, mistydingar og identitetsvekking.

*Jan Driveklepp
Høgskuledirektør*

Organisering og styring

Den nye Høgskulen i Volda er organisert i avdelingar som er inndelte etter utdanningsvegar og studieløyper, meir enn fag. Dette fører då til at avdelingane stort sett har ansvaret for integrerte studium og at undervisning på tvers enno er lita. Dette har vidare ført til at avdelingane er nokså autonome i sitt faglege arbeid.

Fellesadministrasjonen er funksjonsdelt i fire kontor med ein leiar for kvart, bortsett frå Kontor for fellestenester som er direkte underlagt høgskuledirektøren. Elles har kvar avdeling ein liten administrasjon.

Styringsstruktur

Det valde styringssystemet er delt i to nivå: Styrenivået, som er høgskulen sitt øvste organ, og som har 9 medlemmer, derav 3 eksterne. Rektor er styreformann. Avdelingsnivået, som er øvste styringsorganet på avdelingsnivået. Den valde leiaren for desse organa er kalla avdelingsrådsleiar.

Den nye høgskulen har todelt leiarstruktur med rektor som styreformann og fagleg leiar, og

høgskuledirektøren som leiar for administrasjonen og drifta.

Administrasjonen

Den administrative organiseringa vart også grundig vurdert, og resultatet vart ein stor fellesadministrasjon og fire mindre avdelingsadministrasjonar. Fellesadministrasjonen er oppbygd slik:

Høgskuledirektør	
Felleskontoret	10,5 stilling
Studieadm.	9,5 “
Personal	3,0 “
Økonomi	4,0 “
Bibliotek	8,0 “
Drift	3,5 “
Reinhold	7 årsverk

Avdelingadministrasjonane, som til saman utgjer 9 stillingar, er fordelte slik:

ALU	4,0 stillingar
ASF	2,5 “
AHF	1,25 “
AMF	1,25 “

Vi har eit godt utbygd bibliotek som enno er todelt fysisk, og med ein hovudbibliotekar som leiar. I høgskulen har vi driftspersonale både som egne

tilsette og dessutan tre personar som er tilsette av Statsbygg.



Styremedlemmer

Fagpersonalet

Rektor Sverre Måseidvåg
Prorektor professor Jørgen Amdam
Førsteamanuensis Jorunn Hetland
Førsteamanuensis Gunnar Strøm
Førsteamanuensis Narve F. Birkeland

Tekn./adm. personale

Sekretær Hilde Trandal

Studentrepresentantar

Student Borghild Hustad
Student Trond Otto Berg

Eksterne medlemmer

Disponent Toril Fiskerstrand
Førsteamanuensis Kathrine Skretting
Kommunelege Bjørn Martin Aasen

Biblioteket

Tilhøvet mellom biblioteket og Høgskulen i Volda er uttrykt slik i Organisasjonsplan for biblioteket: Opgåva for biblioteket ved høgskulen er å gjere tilgjengeleg den informasjonen som er føresetnaden for arbeidet ved høgskulen. I høgskulen sine plandokument er biblioteket nemnt som ein føresetnad for å dei mål høgskulen set seg: ...at bibliotek og informasjonsressursar har eit nivå som underbyggjer forskning og undervisning av høg kvalitet.

Dette er igjen i tråd med dei nasjonale ambisjonane for høgare utdanning: Institusjonene under denne lov skal gi høgare utdanning som er basert på det fremste innen forskning, kunstnerisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap. (Om lov om høgare utdanning - Ot.prp. nr 85 (1993-94))

I 1994 vart det tatt viktige steg for at biblioteket, høgskulen og høgare utdanning i Norge skulle nå måla sine.

Ny organisasjon, ny teknologi, nytt hus

Høgskulen i Volda var tidleg ute med førearbeidet til omorganiseringa, og biblioteket hadde i nokon grad fungert som ei eining sidan 1993, med to avdelingar og to avdelingsbibliotekarar, og med felles hovudbibliotekar. Då den nye høgskulen formelt vart oppretta i august 1994, var mykje av førearbeidet i biblioteket gjort, både når det galdt organisasjonen og når det galdt teknologien. 1994 var nemleg også året for det store steget inn i Bibsys. Dette året tok også arbeidet til med å planlegge nybygg. Bibliotekpersonalet vart ikkje gjerandslause.

Bibsys og annan elektronikk

Innføringa av Bibsys som biblioteket sitt eige datasystem har vore den største oppgåva for biblioteket i 1994. Det er det viktigaste einskildtiltaket i biblioteket i 1994 for å nå måla som er sette opp for biblioteket og for høgskulen. Dette har involvert heile bibliotekpersonalet og har hatt innverknad på dei fleste arbeidsoppgåvene. I 1994 vart dei to lokale basane konverterte til Bibsys, og ei stor mengd med kontroll og etterarbeid vart gjort. Terminalar til Bibsys vart sette fram for publikum, systemet vart brukt til alle funksjonar, tilsette og studentar fekk opplæring. Dei tilsette fekk også tilgang til Bibsys frå sine eigne kontor. Alle arbeidde på ein ny måte. Dette har vore eit stort løft for biblioteket og for høgskulen.

Gevinsten er at vi nå er del av eit nasjonalt biblioteknett som omfattar alle universitet og vitskapelege høgskular; etter kvart også dei statlege høgskulane. Bibsys er ført ut til brukarane. På kjøpet har vi fått ein felles bibliotekbase for Høgskulen i Volda.

Ved sida av Bibsys har biblioteket abonnement på eit utval av dei dei mest sentrale databasane på CD-ROM. Dessutan har det bygd ut kontaktane online, slik at vi har god dekning av bibliografiske basar i Skandinavia, og av eit stort utval internasjonale databasar gjennom baseverten Dialog. Etter kvart blir dei opne informasjonsressursane som er tilgjengelege gjennom Internet, viktigare. Framtida i informasjonsutviklinga ligg vel helst her.

Plassmangelen og vona om nybygg

Ved utgangen av 1994 var det svært usikkert korleis det ville gå med planane for eit nytt hus. For biblioteket er det heilt avgjerande at desse planane vert sette i verk. Dei skissene som vart laga, lovar svært godt for biblioteket. Plassmangelen for biblioteket nå er sjenerande, og for avdeling Kårstad er han lammande. Det er ein slitande arbeidssituasjon for alle som har tilhald der, både bibliotekpersonale, studentar og andre brukarar.

Personale

Biblioteket har ikkje fått styrka personalet under den organisatoriske samanslåinga, og ved begge avdelingane er det store oppgåver som må liggje. Det er desto større grunn til å rose bibliotekpersonalet - både dei fast tilsette og dei engasjerte - for ein stor innsats i året. At biblioteket har gjennomført overgangen til Bibsys innafor dei fristane som planane hadde sett, viser at vi har kompetent personale med høg arbeidsmoral.

Nær framtid

Nybygget er det mest brennande behovet for biblioteket, som det er for høgskulen. I eit nytt hus kan vi få eit godt, inspirerende bibliotek, eit samlingspunkt for Høgskulen i Volda.

Ivar Aasen-instituttet vil vere avhengig av godt bibliotek, og det er ikkje avklara korleis dette best kan ordnast. Biblioteket kan ikkje ta på seg store nye oppgåver innafor dei rammene det har nå; men vil vere interessert i å utforme eit samarbeid med instituttet.

Informasjonsteknologi

Fredsprisvinnar for 1995 Joseph Rotblat trakk fram i Nobeltalen sin den enorme tekniske utvikling som verda har hatt dei siste 40 åra. Kommunikasjon og nettverk førar oss tettare saman uavhengig av landegrenser. Han meinte dette er med på å fremje arbeidet om fred i verda.

Det er rett å seie at ved høgskulemiljøet i Volda har det òg skjedd ei stor datateknisk utvikling dei to siste åra. Vi kan med glede konstantere at Høgskulen i Volda i 1994 vart kopla opp mot det internasjonale datanettet Internet. Bruken av datamaskinen vart kraftig utvida. Frå å vere ein "skrive-maskin" til å verte det ein reidskap for kommunikasjon- og informasjonsinnhenting. Vi kan via Internet, sende elektronisk post over heile verda. Alle tilsette kan no frå kontora sine vere med å delta i internasjonale faglege konferansar via datanettet og bruke bibliotekdatabaser over heile verda.

Felles datanett

Våren 1994 vart prosjektet for etablering av felles tele- og datanett avslutta. Målsettinga var å få til felles datanett mellom alle tilsette ved VLH, DH og Møreforskning. I tillegg var det å kople heile høgskule miljøet på Internet via Uninett. Prosjektet hadde gått over 2 år med ein kostnadsramme på kr 1.8 mill. Fase I var kabling av alle kontor og undervisningsrom på dei tre institusjonane. Det vart trekt dobbel kabel, ein for telefon og ein for data. Tilsamna vart det skrudd opp 360 stk doble vegg-kontakter. Kablinga var ferdig i 93. Fase II var oppkopling av felles datamaskinar og data-program. Det var til saman 5

Novell nettservere. Ein server for administrasjonen på VLH og alle kontor på Nedretun, Elvetun, Brakketun og Hagetun. Ein på Øvretun for alle som har kontor der. På DH var det ein server i administrasjonen og ein for dei fagleg tilsette på Strøm- og Aasen-huset saman med paviljongbygga. Den femte var Møreforskning sin Novellserver.

Uninett

Uninett er KUF sin organisasjon for utvikling av landsdekkjande elektroniske nettverk innan forskning og utdanning. Midt under prosjektet med etablering av felles datanett i Volda, fekk VLH og DH kvar sin Unix datamaskin av Uninett. Det skulle vere kommunikasjons-maskin mot datanetta utanfor Volda, både nasjonalt og internasjonalt. Desse maskinane fekk namnet Samson fordi dei gjekk inn i eit prosjekt om samordna opptak i høgskulesektoren. I tillegg etablerte Uninett faste teleliner med 64 Kb mellom dei to høgskulane og kommunikasjon til Trondheim via Ålesund.

Telefon

Dei to telefonsentralane vart òg kopla saman slik at vi fekk interne telefonlinjer mellom dei to tidlegar høgskulane. Det vart 4 siffer internnr for alle tilsette. Høgskulen i Volda var ferdig med felles infrastruktur før den formelle samanslåinga fann stad. I høve til andre høgskular var vi av dei aller første.

Samanslåinga


Det vart mange som måtte byte kontor då den nye høgskulestrukturen vart etablert. Sommaren -94 og tidleg på hausten gjekk mykje av arbeidet med til å omkonfigurere data-

og telesystema for den nye høgskulen. Det vart reist ein nytt kontorbygg, som vart kalla "Lettbygget". Dette måtte òg inn i den eksisterande infrastrukturen.

Tradisjon

Det har vore tradisjon for dei humanistiske faga ved høgskulane i Volda. Likevel tek teknologien til å verte ein viktig del av kvardagen. Det ser ut for at datanettverka kan verte ein ny kanal for å halde seg fagleg oppdatert og kommunikasjonsveg for samarbeidsprosjekt både nasjonalt og internasjonalt. Administrasjonen ved høgskulen er avhengiga av datateknikken både i studieadministrasjon, for økonomistyring, informasjonsbehandling og sakshandsaming. Det gjeld òg biblioteket, særleg etter overgang til Bibsys.

Bruken av IT-systema, som består av datamaskinar og telekommunikasjon, har hatt ein eksplosiv utvikling. Vi er alle avhengig av at dette fungerer som dei skal. Det er om lag 330 datamaskinar ved høgskulen. Med berre to faste stillingar på IT, er vi svært sårbare. Dette er langt midre stillingar enn andre tilsvarade høgskular har. Det går ut over servicen og kan lett gå ut over datatryggleiken ved høgskulen.



Avdeling for humanistiske fag

Avdeling for humanistiske fag (AHF) omfattar fagutdanningar i språk, litteratur og historie. Organisatorisk er avdelinga inndelt i: Engelsk institutt, Historisk institutt, Nordisk institutt, Tysk institutt og Ivar Aasen-instituttet.

Undervisning og studentar

Fagutdanningane - engelsk, historie, norsk og tysk - er på universitetsnivå. Fellesnemnarar i avdelinga finn ein i tema som lingvistik, litteraturvitskap, framandspråkoplæring og koplinga mellom språk- og litteraturhistorie og regional historie. Avdelinga har 30 tilsette og nærare 500 studentar, og ein del av undervisninga er ved lærarutdanninga ved HVO (engelsk og norsk). I tillegg til den ordinære undervisning er tilsette ved AHF engasjerte i kursverksemd og desentralisert undervisning, m. a. førebuande prøver i fonetikk og språk- vitskap, kurs i emne knytte til språkundervisning i skulen, og norsk og historie grunnfag i regi av Folkeuniversitetet.

Forskning og fagleg utvikling

Fagpersonalet ved AHF deltar i mange utviklings- og forskingsprosjekt i samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og utland. Norskstudiet for utanlandske studentar har gitt mange kontakter med utanlandske universitet og høgskular. Avdelinga har gode føresetnader innanfor nynorskforsking (språk, litteratur og kultur), og tilsette ved avdelinga har deltatt i arbeidet med planlegging og etablering av Ivar Aasen-instituttet, som i skrivande stund er tildelt knutepunktfunksjonen for nynorsk skriftkultur innanfor Noregsnettet. Fleire ved

avdelinga har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre doktogradprogram. Elles er tilsette ved AHF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd, forskingsråd, konferansar, utgreiingsutval mm. Tilsette ved Engelsk institutt har dei siste åra m.a. utarbeidd lærebøker og undervisningsopplegg for grunnskulen, med særleg vekt på 1.-3. klasse. Eit anna prosjekt har vore bruk av poesi i engelskundervisninga. Tilsette ved Historisk institutt har dei siste åra gjennomført eit omfattande nybrottsarbeid med fylkessoga for Møre og Romsdal. Det same gjeld arbeidet med regionsoge for Nord- og Midhordland. Andre prosjekt er t.d. Vestlandslæraren, Bygdebok for Lesja, og to lærebokprosjekt: internasjonal historie 1914 - 90 og amerikansk politisk historie 1865-1955.

Nordisk institutt deltar i nordisk samarbeid om namnegranskning og i eit prosjekt om norsk og nynorsk i USA. Andre forskingsprosjekt er t.d. innsamling og registrering av regionalt kjeldemateriale, populærkultur/-litteratur og andre litterære studiar, m.a. arbeid med nordisk kvinnelitteraturhistorie. Tysk institutt har utvikla internasjonale faglege kontaktar og prosjektsamarbeid som t.d. eit større prosjekt om språk og informasjonsstruktur koordinert av Universitetet i Lund. Vidare blir det arbeidd med lærebøker, studiar i Günter Grass' prosa- verk, tysk samtidshistorie og ei undersøking av indoeuropeisk ordstruktur.

Formidling og samfunnskontakt

AHF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike offentlege organ og ideelle organisasjonar. Fleire av dei

tilsette deltar i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd, med å stille til rådvelde kjeldemateriale og ved å delta som styremedlemmer i ulike lag og stiftingar. Institutta ved AHF har i 1994 arrangert fleire opne seminar og forelesingar, m.a. i regi av "Dei Nynorske Festspela" i Volda og Ørsta.

Satsingsområde

Av særlege satsingsområde og vidare planar om utvikling av studietilbod kan nemnast: Det er planlagt å etablere eit mellomfagstillegg i engelsk. Ved Tysk institutt vert det m.a. arbeidd med utvikling av eit mellomfagstilbod, og på noko lenger sikt er det planar om utvikling av hovudfagsundervisning i samarbeid med eit universitet. Historisk institutt vil vidareutvikle studietilbodet med storfag og evt. hovudfag. Dette arbeidet vil bli koordinert med Ivar Aasen-instituttet. Ved Nordisk institutt er det også svært aktuelt å sjå forskingsarbeid og studietilbod på høgare nivå i samband med Ivar Aasen-instituttet, som blir det sentrale satsingsområdet for AHF i tida som kjem, i og med tildeling av knutepunktfunksjon og to toppstillingar på området nynorsk skriftkultur. Viktige avklaringspunkt for Ivar Aasen-instituttet i 1995-96 blir: styringsordning, stillingar, fagleg innhald og forskingsfelt, tverrfagleg samarbeid internt og eksternt, nynorsk skriftkultur i internasjonalt perspektiv mm.



Avdeling for lærarutdanning

Den første august 1994 vart Høgskulen i Volda etablert ved ei samanslåing av MRDH Volda og VLH. Ein stor del av fagmiljøet i den tidlegare lærarhøgskulen vart organisert i den nye «Avdeling for lærarutdanning», slik at avdelinga hadde følgjande fagseksjonar hausten 1994: drama, forming, heimkunnskap, informatikk, kroppsøving, matematikk, musikk, naturfag, pedagogikk og samfunnsfag. Fagseksjonen i kristendomskunnskap vart organisert i Avdeling for samfunnsfag, medan engelsk og norsk vart organiserte i Avdeling for humanistiske fag ved samanslåinga til ein høgskule.

Administrasjonen vart for ein stor del samla i ein sentraladministrasjon i den nye høgskulen, men avdelinga har ein administrasjon med konorsjef og tre saksbehandlarar. Avdeling for lærarutdanning er lokalisert i byggkomplekset til tidlegare VLH, medan dei tre andre avdelingane og sentraladministrasjonen er lokalisert i bygga til det tidlegare MRDHFV og eit nyoppført paviljongbygg i nærleiken til det same.

Undervisning og studentar

Avdeling for lærarutdanning gjev tilbod innanfor fireårig lærarutdanning, treårig førskulelærarutdanning, ymse fagutdaningar og eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (både allmennfag og yrkesfag). Det meste av dette fagtilbodet vert gjeve i Volda, men somt vert gjeve desentralisert. Mellom anna gjennomfører vi eit deltidsstudium grunnutdanning for førskulelærarar og praktisk-pedagogisk utdanning i Kristiansund.

Det var registrert 1035 heiltidsstudentar i lærarutdanningane ved HVO i 1994. Av desse var 882 registrerte ved Avdeling for lærarutdanning.

Forsking og utvikling

Vi er vitne til ei aukande interesse for forsking i avdelinga. Ein del enkeltpersonar har gått i førevegen, og så har andre følgt opp. Relativt mange gjev uttrykk for at dei treng støtte og hjelp for å kome skikkeleg i gang. Derfor er kanskje vår største utfordring å byggje opp eit støtteapparat for fou-verksemda i avdelinga.

Samtidig er vi opptekne av å finne måtar å dokumentere undervisning og kunstnarleg verksemd med tanke på meritering. Vi trur at dette er viktig for å kunne halde ved lag lærarutdanningane sin profil med vekt på praktisk-estetiske fag også i framtida.

Ein av personalet har levert doktoravhandlinga si og ein har vorte vurdert kompetent som førsteamanuensis og ein som høgskulelektor dette året.

Formidling og samfunnskontakt

ALU har mykje kontakt med andre utdanningsinstitusjonar, særleg innanfor lærarutdanning, og med samfunnet omkring, særleg skuleverket i eige fylke.

Tilsette har halde førelesingar, kurs og vore med i prosjektprosessar av ulike slag rundt om i heile landet, i enkelte tilfelle også i utlandet. Dessutan har det vore skrivi ei rad bøker, artiklar og kompendium av personar i avdelinga.

Satsingsområde

Politiske signal viser at lærarutdanningane er blant dei studietilboda som skal prioritarast på landsplan, og god søknad til lærarutdanningane i Volda dei seinare åra gjev grunn til å sjå lyst på rekrutteringa framover.

Lærarutdanningane i Volda er prega av eit breitt fagtilbod, der eit omfattande tilbod innan praktisk-estetiske fag er eit særmekeje. Til dømes kan nemnast at høgskulen har eige kor, brassband og symfoniorkester (det einaste ved ein høgskule i landet), og desse har sin base både når det gjeld leiging og deltaking i Avdeling for lærarutdanning.

For tida går planane i retning av å byggje opp tilbod på 20 vektal i dei fleste sentrale skulefaga. Dessutan ønskjer vi å byggje opp meir omfattande studietilbod innanfor spesielle fagområde, og friluftsliv, musikk og pedagogikk er særleg aktuelle.



Avdeling for mediefag

Avdelinga gir tilbod om to-årige, yrkesretta utdanningar i journalistikk, informasjon og animasjonsfilm. I tillegg har vi eitt-årige påbyggingsstudium i dokumentarfilm og fjernsynsreportasje og gir desentraliserte tilbod om halvårseiningar i mediekunnskap.

Undervisning og studentar

Avdelinga har studietilbod som får mange søkjarar med gode kvalifikasjonar. Det krevst høge poengsummar og avdelinga er godt nøgd med kvaliteten på studentane. Hausten 1994 var det om lag 200 studentar ved avdelinga i Volda.

Forskning og fagutvikling

Avdelinga har 19,5 stillingsheimler. Mange vakansar har gitt ekstrabelasting for dei fast tilsette med oppgåver innan dei yrkesretta studietilboda med mykje studentkontakt. Dette året har og leiaren for forskingsverksemda (dosentheimel) vore i permisjon. Samla sett har dette gitt dårlegare vilkår for målretta forskning.

Avdelinga vil på den positive sida peike på publiseringa av to lærebøker i journalistikk, "Etikk i journalistikk" av Svein Brurås og

"Kommunaljournalistikk" av Hans Martin Dypvik. Det vart og publisert ein forskingsrapport om avislesing, «Lesernærhet i en norsk lokalavis» av Øystein Sande. Andre tilsette har arbeidd med utviklingsarbeid av ymse slag, særleg innafor området ny teknologi og praktisk mediearbeid. Avdelinga har omfattande arbeidsoppdrag for eksterne oppdragsgjevarar og i eksterne mediebedrifter.

Det organiserte, internasjonale samarbeidet har først og fremst vore knytt til arbeidet i Den nordiske samarbeidskomiteen for journalistutdanning og verksemda til sekretariatet for den internasjonale animasjonsfilmorganisasjonen ASIFA som har halde til ved høgskulen i 1991 - 1994.

Formidling og samfunnskontakt

Avdelinga har god kontakt med bransje- og produksjonsmiljø innan våre område i Noreg. Effektive praksisordningar og mange samarbeidsprosjekt/oppdrag med næringsliv og offentleg verksemd skaper tovegskontakt som gir god nytte for alle parter.

Studentane vert og oppmoda til å leggje fram vellukka student-

arbeid i media. Dette set Høgskulen i Volda på kartet og gjev studentane realistiske røynsler.

Satsingsområde

Når dette vert lese har Høgskulen i Volda fått knutepunkt-funksjon i mediefag med særleg ansvar for radio- og fjernsynsjournalistikk. Dette er resultatet av ei bevisst satsing frå høgskulens side på å framheve verksemda ved avdelinga og å profilere dette i høve til dei andre utdanningsinstitusjonane i Noreg som har tilbod i mediefag. Avdelinga må følgje opp dette med prioritering av stillingar, forskning, tilrettelegging av studieopplegg med tilfredsstillande infrastruktur og internasjonal orientering.

Avdelinga kan styrke den teoretiske basisen ved å etablere grunnfagsutdanning i massekommunikasjon og å få hovudfagssamarbeid med universiteta knytt til dokumentarfilmstudiet. Det krevst og ein ekstra innsats for å tilretteleggje for effektiv informasjonsinnhenting og informasjonsbearbeiding/presentasjon med moderne teknologi i studieopplegga. Utviklinga her skjer fort, og avdelinga er ikkje på høgde med andre utdanningsinstitusjonar i dag.



Avdeling for samfunnsfag

Avdeling for samfunnsfag vart oppretta 01.08.94. Til avdelinga høyrer Institutt for Kommunalfag, Institutt for Kristendomskunnskap og Kyrkjefag, og Institutt for Sosialfag.

Undervisning og studentar

ASF tilbyr utdanning innan kommunalfag, kyrkjefag og sosialfag. Studia varer frå 1 til 4 år, og dei fleste utdanningane vi tilbyr er retta inn mot administrativt arbeid innan offentleg forvaltning. Dette gjeld m.a. kommunal planlegging, kyrkjeverje- og sosionom-utdanning. Avdelinga er elles engasjert i ulike etter- og vidareutdanningstilbod. Det gjeld t.d. vidareutdanning for trygdefunksjonærar, kurs i barnevern, og kurs i regional planlegging og leing for offentleg tilsette.

Hausten 1994 var det om lag 600 registrerte studentar ved ASF, fordelt på 11 ulike studietilbod. Søknaden til studia var god og kandidatproduksjonen høg. Det vart m.a. uteksaminert 29 kommunalkandidatar, til saman 48 sosionomar og barneverns-pedagogar, 8 kateketar og 16 kyrkjelydssekretærar/ menighetssekretærar eller sekretærar til arbeid i kristelege organisasjonar.

Forskning og fagleg utvikling

Det vitenskaplege personalet ved ASF var engasjert i ei rekkje forskings- og fagutviklingsaktivitetar i året som gjekk. Det vart m.a. publisert 5 større vitenskaplege arbeid i 1994. Avdelingsrådsleiar Kåre Heggen avla dr.polit graden ved AVH, og i tillegg var det fleire andre tilsette som var i gang med doktorgradsarbeid knytt til ulike

fagmiljø i Noreg, Sverige og USA. Av desse skal nokre disputere i løpet av 1995, andre først i 1996. I tillegg var det ein stor produksjon av anna skriftleg materiale i form av tidsskrifts-artiklar, lærebøker, bidrag til lærebøker og forelesingar.

Formidling og samfunnskontakt

ASF har eit utstrakt nasjonalt samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og fagmiljø i heile landet. I tillegg representerer tilsette ved avdelinga skulen på ei rekkje nasjonale og internasjonale konferansar. I 1994 bidrog tilsette ved ASF med eigne forelesingar og innlegg på konferansar og seminar m.a i Tyrkia, Irland, Nederland, USA, Australia, Sverige og Litauen.

Satsingsområde

Internasjonalisering er eit av satsingsområda til ASF framover. Avdelinga vil legge stor vekt på å prøve å skape eit nettverks-samarbeid med universitet i Norden og Europa. I 1994 starta avdelinga opp med eit forsøk på å få til eit samarbeid med University of

Ulster (Irland) i samband med EU-Socrates. Dette er eit forsøk på å skape eit nettverk mellom universitet i Finland, Sverige og Hellas, i tillegg til Nord-Irland og Noreg. Ein vil her samarbeide om eit diplomstudie i europeisk ungdomsarbeid der ein utvekslar studentar seg imellom. Dette planarbeidet skal utviklast vidare i 1995, med sikte på oppstart hausten 1997. Dette er eit samarbeid som vil femne om fagområda ved alle sinstitutta ved ASF.

1994 var året då kyrkjeverje-utdanninga tok fatt på sitt første ordinære år. Dette vart eit konsolideringsår for utdanninga, men synte òg at arbeidet som vart sett i gang med å planlegge utbygging til eit 4-årig studie var naudsynt. ASF er i gang med å utvikle nye fagtilbod. I 1995 skal det utarbeidast forslag til studieplan for både sosiologi- og samfunnsfag grunnfag. Desse planane skal ut på høyring i løpet av året med sikte på ein oppstart studie året 96/97. I tillegg foregår det eit planarbeid i samarbeid med ALU med tanke på å få sett i gang eit tilbod om pedagogikk grunnfag.



Undervisning og opptak

For studieåret 1994-95 vart det m.a. søkt om ekstra budsjettmidlar til informasjonsutdanning, animasjonsutdanning, norsk språk for utanlandske studentar (NUS) og kristendomskunnskap årseining, vernepleiarutdanning og samfunnsfagleg årsstudium (sosiologi, massekommunikasjon, geografi og psykologi).

Tilsvarande vart det ved VLH søkt om sysselsetjingsmidlar for oppstart av allmennlærerutdanning for førskulelærarar, engelsk mellomfagstillegg, friluftsliv halvårseining, kroppsøving 1. årseining i Kristiansund, kroppsøving 2. årseining, mediekunnskap årseining, pedagogikk for barn 5-10 år halvårseining, 1-årig praktisk-pedagogisk utdanning, yrkesfag (i samarbeid med Bergen lærarhøgskule) og pedagogisk rettleiing halvårseining.

Resultatet av desse søknadane var at MRDHV for studieåret 1994-95 fekk ekstra budsjettmidlar til 2-årig informasjonsutdanning (7 studieplassar), 2-årig animasjonsutdanning (10 studieplassar), norsk for utanlandske studentar (20 studieplassar) og ekstra opptak i kristendomskunnskap grunnfag (10 studieplassar). Dessutan fekk MRDHV ekstra budsjettmidlar til auka opptak H-94 i sosionomutdanninga (10 studentar) og tilsvarande auka opptak i 3-årig barnevernspedagogutdanning (10 studentar) - tils. 67 studentar. Tilsvarande mottok VLH for studieåret 1994-95 budsjettmidlar til prolongering av to ekstraklassar i førskulelærer- og allmennlærerutdanninga og midlar til halvårseininga pedagogikk for barn 5-10 år - som i høve kvalifisering av lærarar for reform 97 var utdanningspolitisk viktig - tilsaman 81 studiplassar.

Samla vekst i måltalet for Høgskulen i Volda frå samanslåinga 01.08.94 var såleis 148 (måltalsvekst frå 2058 til 2206).

Utanom dei 148 nye studie-plassane som vi fekk ressursar til i 1994, vart det i 3. studieår i allmennlærerutdanninga i samsvar med godkjent rammeplan utvikla fleire nye 5-vekt-talseiningar, og det vart gjeve tilbod frå h-94 som danna påbyggingar til fag frå obligatorisk del i 1. og 2. studieår. Det var følgjande tilbod: Forming 2, andre 5-vekt-talseining, kroppsøving 2, andre 5-vekt-talseining, musikk 2, andre 5-vekt-talseining, matematikk 2, andre 5-vekt-talseining, naturfag 2, andre 5-vekt-talseining og samfunnsfag 2, andre 5-vekt-talseining. (Desse studia fekk påbyggingar med nye 10 vekttal til årsstudium i faga, 20 vekttal, frå hausten 95)

Nye studium kom såleis til i allmennlærerutdanninga utan tildeling av ekstra ressursar, medan gamle halvårseiningar måtte falle ut. På grunn av innføring av 4-årig utdanning og krav om nye påbyggingseiningar på 5-vekt-talsnivå i 3. studieår,

vart det v/HVO (tidl. VLH) frå hausten 1994 ikkje gjeve tilbod i følgjande fageiningar: musikk 2. årseining, biologi m/miljølære 1. halvårseining, fysikk-kjemi 1. halvårseining, samfunnsfag 1. halvårseining og kroppsøving 1. halvårseining.

3490 kandidatar var oppmelde til eksamen v-95 i ulike fag ved Høgskulen i Volda. Av desse var det 3246 kandidatar som gjennomførde eksamen med godkjent resultat. 244 kandidatar (ca. 7%) strauk. Vi gjer merksam på at fleire av desse gjekk opp til ny prøve i haustsemesteret og fekk godkjent resultat.

Variasjonane mellom faga var stor, med ein strykporsent frå 48,8 til 0 %. Av dei faga som hadde mest stryk, var engelsk halvårseing, kroppsøving årseining, norsk 1. halvårseining og norsk grunnfag, pedagogikk årseining, 2. år ved sosialfagutdanningane og tysk grunnfag.



I 1994 hadde Høgskulen i Volda for første gang eitt, samla opptakskontor, med ein opptaksansvarleg som skulle ha den samla oversikta. Dette arbeidet starta fleire månader før samanslåinga var eit faktum, og var eit resultat av det forarbeidet som var gjort i samordningsgruppa for studieadministrasjonen.

I det lokale opptaket nytta vi eitt felles søknadsskjema, slik at søkjarane kunne sende ein søknad, og få eitt svar, noko som gav oss

ein heilskapleg oversikt så tidleg som råd. Men samstundes måtte vi arbeide med nye opptaksreglement, i samarbeid med nye fjes og i skjeringspunktet mellom dei to høgskulane som enno fanst.

	Primærsøkjarar
Samordna opptak	1397
Lokalt opptak	7372
Tilsaman	8769

Forsknings- og utviklingsarbeid

1994 var eit utfordrande år for dei fagtilsette. Eit omfattande arbeid vart gjennomført knytt til fagleg planlegging av verksemda i den nye høgskulen. Dette har sjølvstakt hatt konsekvensar for kapasiteten til forsknings- og utviklingsarbeid spesielt for dei som var mest engasjert i samanslåingsprosessen.

Trass denne «turbulente» situasjonen har dei fagtilsette ført vidare den positive utviklinga innan FoU-arbeid vi har sette dei siste åra og som vil bere nye frukter i framtida. Spesielt må doktorandprogrammet i samarbeid med Universitetet i Trondheim framhevast. Tre av dei tilsette knytt til programmet leverte avhandlingane sine i 1994 og disputerte i 1995. Dei andre fekk god progresjon i arbeidet sitt i 1994 med sikte på levering av avhandlingar i 1995 eller 1996.

Kåre Heggen ved Institutt for sosialfag disputerte ved Universitetet i Trondheim i 1994 med avhandlinga «Ungdom, identitet, kvalifisering».

Sjølv om det er god progresjon i talet på fagtilsette med doktorgrad, er det framleis for få totalt sett i fagmiljøet og heving av dei

formelle kvalifikasjonane må prioriterast i åra som kjem. Av ca. 150 fagtilsette har berre 30 førstekompetanse eller høgere, flest ved Avdeling for samfunnsfag (12) og Avdeling for humanistiske fag (10). Sentrale utfordringar i åra som kjem er å få etablert betre rettleiing på alle nivå og gode ordningar for finansiering og organisering av formell kompetanseheving. Doktorandprogrammet i samfunnsfag i samarbeid med Trondheim er eit godt mønster som bør utvidast til andre fagområde og til samarbeid med fleire universitet.

I 1994 var det også relativt stor aktivitet knytt til publisering. Ca. 30 artiklar vart publisert i vitenskaplege tidsskrift i inn- og utland. I tillegg publiserte fagtilsette 7 vitenskaplege avhandlingar, 10 fag- og lærebøker, 18 kapittel i slike og tre arbeid i skriftseriane ved dei to høgskulane. I tillegg var fleire fagtilsette medverkande i publikasjonar i skriftserien til Møreforskning. For å legge betre til rette for intern publisering vart det i løpet av hausten 1994 etablert sams skriftseriar i samarbeid med Møreforskning, Volda, noko som vi håpar skal fremme fagleg publisering i 1995 og seinare år. Også innan dette

feltet må den nye høgskulen ta eit krafttak for å stimulere og rettleie fagtilsette i åra som kjem. Spesielt er det viktig å kunne yte assistanse og støtte til publisering i internasjonale og nasjonale fagtidsskrift. Like eins er det viktig å stimulere til utviklingsarbeid og publisering retta mot utdanning og læremateriell, her kan også mykje gjerast betre.

Sentralt i dette stimulerings- og rettleiingsarbeidet er at høgskulen greier å heve kvalifikasjonane til eigne tilsette og også greier å rekruttere nyttilsette med høgs kvalifikasjonar. Eit viktig ledd i dette arbeidet er å knytte fleire med toppkvalifikasjonar til fagmiljøa i høgskulen gjennom Prof. II stillingar.

*Prorektor
Professor Jørgen Amdam*

	Avdeling for lærarutdanning	Avdeling for humanistiske fag	Avdeling for mediefag	Avdeling for samfunnsfag	Sum
Artiklar i vitenskaplege tidsskrift	9	9	1	10	29
Vitenskaplege avhandlingar	2	0	0	5	7
Faglege bøker og lærebøker	4	1	1	4	10
Kapittel i faglege bøker /lærebøker	1	8	1	8	18
Skriftseriane ved MRDH og VLH	0	2	1	0	3



Høgskuledirektøren

Høgskulen i Volda starta formelt 1.8.94, så funksjonstida i 1994 var berre fem månader. Likevel er året viktig i utviklingssamanheng sidan det markerte slutten på ein lang tradisjon med ein lærarhøgskule og ein distriktshøgskule, og starten på det nye som skal bygge vidare på og utvikle høgskulen sine tilbod.

For min eigen del var det samtidig ein overgang frå ei fagleg stilling som amanuensis i økonomi til stillinga som høgskuledirektør. Eg tok til i stillinga 15.1.94 som den første direktøren i dei nye høgskulane i Norge.

For Høgskulen i Volda har året vore både interessant og utfordrande.

Utfordringar

Året har vore prega av tilpassing til ny organisasjon, særleg for dei administrativt tilsette. Det er ikkje lett å gå over i ny struktur, ny leing og ofte nye oppgaver utan at dette fører med seg press og hardt arbeid. Likevel er det imponerende kor raskt dei tilsette i administrasjonen greidde denne overgangen og alle har kome seg raskt inn i dei nye posisjonane og arbeidsoppgåvene. Det som tok lengst tid var å få tilsett og fylt opp alle

stillingane, og vi undervurderte noko den tid dette tok pga omrokkingane som skjedde når eigne tilsette skifta stilling.

Dei fagleg tilsette kom også raskt i gang i det nye systemet, og all den rutine dei har, hjelte godt på når det knaka i starten. Etter kvart har dei faglege strukturane kome på plass, og fagtilsette med beslekta fagområde har blitt meir samla. Målet har vore å samle dei fagtilsette mest mogleg avdelingsvis, men det er vanskeleg før det nye fellesbygget er på plass i 1997.

Resultatet


Sjølv om året har vore prega av dei store omleggingane, har høgskulen utvikla seg positivt både når det gjeld studenttal, fagleg arbeid og administrativt. Dessutan har vi omsider fått klarsignal om nybygg med byggstart sommaren 1996. Også arbeidet med studenthus har gått litt vidare, men her er det store utfordringar framover. Det er heilt klart at dagens studenthus-tilbod ikkje er godt nok.



Målet vårt bør framleis vere at Høgskulen i Volda skal vere mellom dei beste i landet både når det gjeld studietilbod, studentgjennomstrøyming, fagleg utvikling, som arbeidsplass og som del av samfunnet rundt oss.

Vi bør sjå framtida lyst i møte.

Jan Driveklepp
Høgskuledirektør



Rekneskapen 1994



Høgskulen i Volda